



**KYSTVERKET**

Vest

KVINNHERAD KOMMUNE  
Rosendalsveien 10  
5470 Rosendal

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
2020/7113-4

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:  
Turid Susort Jansen

Dato:  
07.07.2020

## **Fråsegn til oppstart av planarbeid og høyring av planprogram - Kommunedelplan for samferdsle 2020-2028 - Kvinnherad kommune - Vestland fylke**

Syner til brev av 18.6.2020 vedkomne ovannemnde.

Føremålet med kommunedelplan for samferdsle er at kommunen skal få ein heilskapleg samferdslepolitikk der strategiar, ressursar og planar blir samordna.

Kystverket har ansvar for sjøvegen. Vår visjon er å utvikle kysten og havområda til verdas sikraste og reinaste. Etaten er eit forvaltningsorgan underlagt Samferdselsdepartementet, og har det faglege ansvaret for sikker og effektiv sjøtrafikk i norske farvatn og hamner. I kommunale arealplanprosessar etter plan- og bygningslova deltar Kystverket for å ivareta sikker og effektiv sjøtrafikk, og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet, samt effektiv hamneverksemd.

Kvinnherad kommune har fleire farleier, og kommunen sitt sjøområde er ein del av sjøvegen. Farleiene er transportkorridorar med store mengder gods- og passasjertrafikk, som er viktige for samfunns- og næringsutvikling både lokalt og nasjonalt.

For Kystverket er det viktig at kommunen gjer greie for sjøtransporten i planarbeidet. Hamnene er viktig logistikk-knutepunkt som bind land- og sjøtransporten saman.

Planlagde tiltak som bruer, kaier o.l. som rører ved sjøtransporten bør omtalast i planarbeidet. Om det vert planlagt tiltak som krev utbetringar i farvatnet må dette koma fram tidleg slik at det kan spelast inn til arbeidet med Nasjonal Transport Plan. Utbetringar i farvatnet er tiltak med sikte på å auke tryggleiken, betre framkomma for skipstrafikken i tronge farvatn og redusere seglingsdistansen, bl.a. gjennom å fjerne grunner og auke djupna i leia. Andre tiltak i farvatnet kan føra til nyetablering/endingar av navigasjonsinstallasjonar.

Til orientering kan ein finne informasjon om til dømes farleier og navigasjonsinstallasjonar på Kystverket si kartteneste Kystinfo.no, og statistikk over skipstrafikken på Kystdatahuset.no. Kystdatahuset er en digital løysning der Kystverket deler informasjon om skipstrafikken.

### Regionkontor Vest

---

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ser om at brev, saksrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Med helsing

Turid Susort Jansen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*